

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 39/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr: F 900

F 900, naustrett ved Grønsenn

Ein del hyttfestarar og stølsbrukarar på Grønsenn har merknader til plassering av naustet Gjermund Myrvang har fått flytte til Pøllen i Grønsenn og skriv i brev datert 29.7.05 følgjande:

Det er hyggelig at bygdefolket kan få høve til å sette opp naust i Grønsenn, og vi ønsker deg hjertelig velkommen hit.

Men, vi er forbauset over plasseringen av naustet. Det er satt opp der alle vi i stølslaget og de tilreisende badet, grillt og koste oss rundt bålet. Stranda vår er rett og slett blitt gravet bort.

Da det ikke er noe annet egnet sted til dette, vil vi spørre om det er mulig å flytte naustet til den andre siden av rekka med naust. På nordsiden vil det ikke være til sjenanse for noen. Vi kan gjerne hjelpe til med flyttingen, og stiller opp med spader for å få stranda tilbake slik den var.

Statskog Fagernes skriv i brev datert 25. august følgjande:

Gjermund Myrvang var innom kontoret her i dag med vedlagte protestliste.

Saken ble lagt ut til ettersyn uten merknader og vi har vel ellers gått fram på riktig måte.

Jeg forstod Myrvang slik at han helst ville ha naustet der vi hadde godkjent plasseringen.

Det er vel derfor det er lite aktuelt å flytte naustet nå, men ber om fjellstyrets uttalelse til saken før jeg svarer de som har protestert. Jeg tenkte da å skrive til de som står først på lista Sissel Haugen og Gjermund Før.

Når det gjelder bading og grilling er det vel ikke så ofte dette finner sted og det bør vel fortsatt kunne finne sted om ikke akkurat der naustet er plassert?

Myrvang har igjen å fundamentere naustet på steiner, legge tak og sette i dør. Saken haster derfor slik at han kan få gjort ferdig naustet.

I sak 69/03 tilrådte fjellstyret at Bakken 65/2 kunne få overført naustretten til Høve 30/1. I sak 17/04 gjorde fjellstyret vedtak om å leggja søknaden ut til offentlig ettersyn. Ved utlegging var det lagt ved kart og plassering opplyst i tekst. Sakspapir var også lagt ut på internett. Det kom ingen merknader på søknaden etter offentlig utlegging. Fjellstyret tilrådte derfor søknaden i sak 19/04 på dei vilkår Statskog har skissert i skriv datert 4.3.04

Søknaden har fylgt normal saksgang og bygget er ført opp på dei vilkår som Statskog har sett. Myrvang har teke sand i strandkanten for å ha i naustet og dette gjer at stranda er litt smalare enn det var før. Det er likevel ikkje så mykje at det hindrar ferdsel langs stranda. Myrvang meinte at sand ville bli fylt opp att av bølgiene relativt raskt.

Vedtak:

Fjellstyret er samd med Statskog at det har vore rett saksgang og ein kan ikkje sjå at naustet er ulempe for anna bruk av området. Fjellstyret vil derfor ikkje tilrå at naustet blir flytta, men Myrvang bør fylle opp med sand dersom dette ikkje er fylt opp av seg sjølv innan eitt år.

Embrig Før deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Gjermund Myrvang
Hyttfestarar og stølsbrukarar i Grønsenn v/Gjermund Før og Sissel Haugen